



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO: Jordbruket i Agder og Rogaland i 2023

Nedgang i jordbruksinntekt for bøndene i Agder og Rogaland

Jordbruksinntekta til bøndene på Jæren gjekk ned med 91 100 kroner per årsverk, og vart i gjennomsnitt 462 900 kroner per årsverk i 2023. I resten av Rogaland og Agder gjekk jordbruksinntekta ned med 43 700 kroner til 402 900 kroner per årsverk.

Reduksjonen i jordbruksinntekta på Jæren var på 16 prosent frå 2022 til 2023. I resten av Rogaland og Agder gjekk jordbruksinntekta ned med 10 prosent. Kostnadsauke forklarar mykje av denne endringa i begge regionane. Arbeidsinnsatsen var stabil i begge regionane.

Nedgang for mjølkebønder

Jordbruksinntekta til mjølkebønder på Jæren gjekk ned med 12 prosent. I gjennomsnitt vart jordbruksinntekta på 418 600 kroner per årsverk. For mjølkeprodusentane i Agder og Rogaland utanom Jæren gjekk jordbruksinntekta ned med 13 prosent til kr 348 600 kroner per årsverk. Auka kostnader er årsaka til mykje av nedgangen i jordbruksinntekta. Kostnader til fôr, gjødsel og renter auka mykje.

Andre produksjonar

Jordbruksinntekta til sauebønder i Agder og Rogaland utanom Jæren gjekk ned med 15 prosent til 175 000 kroner per årsverk frå 2022 til 2023. Reduserte husdyrinntekter og auka kostnader forklarar den negative utviklinga, trass i auka tilskot.

For bruk med ammekyr gjekk jordbruksinntekta ned med 121 400 kroner til 246 700 kroner. Auka kostnader og reduserte husdyrinntekter forklarar utviklinga for desse bruka og.

Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og svinehold på Jæren hadde ein nedgang i jordbruksinntekta på 33 prosent, til 547 300 kroner per årsverk. Auka fôrkostnader og reduserte inntekter frå storfeholdet gjorde at det vart reduserte jordbruksinntekter trass i inntektsauke frå svineholdet og auka tilskot.

Ulik utvikling i investeringsnivå

Nettoinvesteringa på Jæren var på 229 700 kroner per bruk i snitt i 2023, ei halvering samanlikna med den høge nettoinvesteringa i 2022. For resten av Rogaland og Agder var nettoinvesteringa på kr 175 800 per bruk, ein auke frå kr 33 600 per bruk i 2022. Samla gjeld gjekk opp på Jæren til 7,8 millionar kroner per bruk, ein auke på 4 prosent. I resten av Rogaland og Agder auka gjelda med 8 prosent til 4,7 millionar kroner per bruk.

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er ei årleg rekneskapsundersøking blant tilfeldig utvalde gardsbruk frå heile landet. I 2023 var det med 938 bruk, der 156 var frå Agder og Rogaland. Jordbruksinntekt er målt som løn til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk

Kontaktpersonar ved NIBIO

Grete Helland

Førstekonsulent, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 403 24 767

E-post: grete.helland@nibio.no

Torbjørn Haukås

Seniorrådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 476 58 552

E-post: torbjorn.haukas@nibio.no